

Til:

1. tr. Asle Ingebretsen
2. tr. Heidi Karin Ege
2. tr. Per Ivar Aniksdal
3. tr. Grete Waldeland Høiland
4. tr. Tone Ueland

Dykkar ref.

Vår ref.
19/12638 HELEArkivkode
035 A20Dato
03.04.2019**Vigrestad skule - FAU - referat frå møte 27. mars 2019**

Dato: 27.03.2019

Tid: kl. 19:00

Desse møtte: Asle Ingebretsen, Heidi Karin Ege, Per Ivar Aniksdal, Tone Ueland, Grete Waldeland Høiland, Ingrid Vold og Dagfrid Bekkeheien-Skrettingland

Forfall:

Saker:**05/19 Godkjenning av innkalling og referat - godkjent****06/19 Kommunal satsing: Motivasjon for læring**

Gjennomgang av spørjeundersøking internt på skulen. Ein ser ein tydeleg trend til at elevane vert meir negative til skole og skolearbeid til eldre dei vert.

Skulen har arbeidd med «fem standarder» for god undervisning.

1. Trygge relasjonar
2. Mestring og utfordring
3. Variert undervisning
4. Aktive elevar
5. Tydeleg og god klasseleiing

Foreldrestemmen. Kva kom fram?
Lekser - vekelekse eller ingen lekser.

FAU konkluderer med at:

- 1. og 2. klasse vil ein gå for leselekse kvar dag + vekelekse i matematikk og ein dag i veka med engelsklekse.

- 3. og 4. klasse: leselekse kvar dag med ein dag i veka med (skriving) + vekelekse i matematikk og ei engelsklekse.

«Foreldreskule» - skule og heim må dra lasset saman. Arbeide med haldningar.

1. Snakke positivt om skulen og leksene - vektleggja viktigheten av det å læra. Arbeida med haldningar. Premiering.
2. Snakke om og engasjere seg i barnas læring.

3. Vera med å byggja gode og sunne relasjonar til medelevane.
4. Gjera lesinga til noko positivt – elevane må få gode tilpassa tekstar.
5. Engasjerte foresatte. Vise interesse.
6. Foreldre må verta betre kjent og vera trygge på kvarandre:
Konkrete tiltak: Inspirerande foreldremøte / kveldar med sosiale aktivitetar for å bli kjent. Det kan vera kveldar der ein tek opp ulike tema som foreldra er opptekne av eller tema som læraren har lyst å ta opp eller tykkjer er viktige å ta opp. Det kan og vera kveldar der elevane er med, t.d spikra fuglekassar osv.

07/19 Foreldremøte måndag 29. april 2019

Tema:

Motivasjon/ kommunal satsing

(Inkluderande skulemiljø)

På gruppene: Startar med Bli kjent opplegg, løysa opp stemninga.

Kahoot, Quis med både faglege og tullespørsmål. Læraren bestemmer gruppene og ein beheld gruppene til andre spørsmålsstillingar seinare om kveldens tema.

Myldre på gruppa etterkvart om korleis auka motivasjon? Lekser? Inkludering?

Korleis styrke skule heim samarbeidet?

Kva hjelp ynskjer de foresatte frå skulen i forhold til t.d. leksene? Korleis kan skulen gjera foreldremøte meir spanande?

Når er det naturleg å ta kontakt med skule / lærar?

Litt fagleg informasjon frå lærar til slutt

Heidi Karin Ege
referent

Kopi til:

1. tr. Annica Kverme
3. tr. Magnar Rugland
4. tr. Janne Beth Lygren

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur